

**Kvartalsrapport
pr. 31.03.2015**

LUSTER SPAREBANK

RESULTATREKNESKAP (1.000 KR)	31.03.15	% av GFK	31.03.14	% av GFK	31.12.14	% av GFK
Rente og kred.prov. utlån	25.031	3,52	25.248	3,70	104.220	3,67
Renteinntekter verdipapir og andre	1.255	0,18	1.944	0,29	7.590	0,27
Sum rente og kred./prov. inntekter	26.286	3,69	27.192	3,99	111.810	3,94
Rentekostnader kundar	9.943	1,40	10.481	1,54	43.302	1,53
Rentekostnader likviditet	2.843	0,40	3.277	0,48	12.547	0,44
Sum rentekostnader	12.786	1,80	13.758	2,02	55.849	1,97
Netto rente- og kredittprov.	13.500	1,90	13.434	1,97	55.961	1,97
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	51	0,01	353	0,05	4.428	0,16
Provisjons- og gebyrinntekter	2.422	0,34	2.137	0,31	10.536	0,37
Provisjons- og gebyrkostnader	-410	-0,06	-365	-0,05	-1.803	-0,06
Netto vinst/tap verdipapir	45	0,01	0	0,00	-84	0,00
Netto vinst/tap valuta	43	0,01	13	0,00	204	0,01
Andre driftsinntekter	307	0,04	316	0,05	1.227	0,04
Netto andre driftsinntekter	2.458	0,35	2.454	0,36	14.508	0,51
Personalkostnader	4.149	0,58	4.247	0,62	15.812	0,56
EDB kostnader	2.387	0,34	2.250	0,33	8.545	0,30
Andre administrasjonskostnader	1.202	0,17	1.025	0,15	4.311	0,15
Ordinære avskrivningar	650	0	500	0	2.588	0
Andre driftskostnader	1.009	0,14	854	0,13	3.477	0,12
Sum driftskostnader	9.397	1,32	8.876	1,30	34.733	1,22
Driftsresultat før tap	6.561	0,92	7.012	1,03	35.736	1,26
Realiserte og vurderte tap	1.327	0,19	191	0,03	3.307	0,12
Netto tap/vinst anleggsaksjar	-6.493	-0,91	-464	-0,07	-6.535	-0,23
Skatt ordinær drift	3.166	0,44	1.967	0,29	9.302	0,33
Resultat for perioden	8.561	1,20	5.318	0,78	29.662	1,05

**BALANSE
(1.000 KR)**

EIGENDELAR	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Kontantar, innskot i banker	114.580	104.836	114.645
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	45.333	59.953	54.034
Utlån til kundar	2.455.559	2.266.812	2.453.101
Tapsavsetjingar	-21.419	-19.087	-20.762
Obligasjonar og obligasjonsfond	204.297	239.609	205.313
Aksjar og aksjefond	55.495	61.019	57.822
Utsett skattefordel	4.751	3.276	4.751
Driftsmidlar	10.256	11.933	10.885
Andre fordringar	14.455	8.709	69
Forskotsbet. og opptente inntekter	7.424	6.704	7.764
SUM EIGENDELAR	2.890.731	2.743.764	2.887.622

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar inkl. F-lån	215.000	185.000	185.000
Innskot frå kundar	2.105.935	1.990.045	2.141.978
Obligasjonslån	180.000	199.987	180.000
Anna gjeld	25.056	35.047	12.745
Skatt	8.504	0	9.763
Pensjonsforpliktingar	0	5.673	10.461
Sparebankens fond og gåvefond	347.675	322.694	347.675
Resultat for perioden	8.561	5.318	
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	2.890.731	2.743.764	2.887.622

Garantiansvar	26.139	27.676	24.472
Pantsetjingar	15.000	31.000	15.000
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	323.282	269.366	274.283

Note 1

(tal i heile 1.000)

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering	-25	91	-184
Endring i nedskrivning på grupper av lån	850	100	2.952
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	615	45	665
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	1	52	54
Inngang på tidligare konstaterte tap	-114	-97	-180
Netto tap på utlån og garantiar i perioden	1.327	191	3.307

Note 2

(tal i heile 1.000)

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa	24.876	33.470	25.829
Misleghaldne engasjement > 90 dager	29.984	38.891	29.148
- individuelle tapsnedskrivningar på desse	-7.593	-8.875	-8.341
- avsetnad amortisering på desse	-876	-805	-321
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-2.563	-2.403	-2.560
Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering	18.952	26.808	17.926
Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivninger	0	246	0
- spesifiserte tapsavsetjingar på desse	0	-157	0
- amortisering av tapsmerka	0	0	0
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	0	-80	0
Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing	0	9	0

Note 3

(tal i heile 1.000)

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Nedskrivning på grupper	12.950	9.250	12.100

Note 4**Kapitaldekning**

(tal i heile 1.000)

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Sparebankenes fond	334.375	311.194	334.375
Gåvefond	13.300	11.500	13.300
-Fradrag	-15.341	-9.749	-6.851
Sum ansvarleg kapital (ren kjernekapital)	332.334	312.945	340.824

Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Stater og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	6.399	9.963	6.377
Offentleg eigde foretak	0	125	0
Institusjoner	17.650	68.200	68.522
Foretak	366.214	329.275	354.984
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	819.958	754.975	775.335
Forfalte engasjementer	26.945	36.750	36.833
Obligasjoner med fortrinnsrett	13.297	16.963	13.297
Andeler i verdipapirfond	48.322	48.325	48.322
Øvrige engasjementer	197.298	122.425	194.516
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.496.083	1.387.000	1.498.186

Berekningsgrunnlag operasjonell risiko

	123.843	118.113	118.109
Fradrag i kapitalkravet		-13.113	0
Sum berekningsgrunnlag	1.619.926	1.492.000	1.616.295
Overskot av ansvarleg kapital i forhold til lovkrav på 8 %	202.740	193.585	211.520
Kapitaldekningsprosent	20,52 %	20,97 %	21,09 %

KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2015

Resultat

Banken har pr. 1. kvartal 2015 oppnådd ein rentenetto på 13,5 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,90 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 13,4 mill. kr og i prosent av gfk 1,97 %. Årsak til nedgang i rentenetto er fallande rentenivå og den sterke konkurransen om kundane. Utviklinga i banken sin rentenetto er i samsvar med utvikling andre bankar rapporterer.

Netto andre driftsinntekter ligg på same nivå som i fjor. Provisjons og gebyrinntekter har auka samanlikna med fjoråret pga justeringar i gebyrsatsar gjennomført i fjor vår. Utbytte er redusert i forhold til i fjor fordi det i februar i fjor vart utbetalt eit ekstraordinært utbytte i eit av selskapa der vi var aksjonær. Driftskostnader har auka litt i forhold til fjoråret. Avsetning på grupper har auka. Dette gjer at estimert tapskostnad er ein del høgare enn på same tidspunkt i fjor. Banken har realisert nokre verdipapir i første kvartal 2015. Dette gjer at banken kan inntektsføre ein gevinst på 6,5 millionar kr.

Resultat etter berekna skatt er på 8,6 mill. kr. Dette er ca. 3,2 mill. kr betre enn same periode i fjor. Forklaringa på resultatauken er vinsten ved realisasjon av verdipapir. Banken realiserte verdipapir for å spreie risikoen i banken sine plasseringar.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 1. kvartal 2015 var på 2.891,1 mill. kr. Veksten siste året er på 146,9 millionar eller 5,4 %. Forretningskapital som også inkluderer lån overført til bustadkredittselskap er pr. 1. kvartal på 3.214,0 mill. kr. Veksten siste året er på 200,9 mill. kr eller 7,3 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med 2.455,6 mill. kr. Veksten siste året er på 188,7 mill. kr eller 8,37 %. Utanfor balansen har banken pr. 1. kvartal 2015 overført kr 323,3 mill. kr. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført 269,4 mill. kr. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med 243,7 mill. kr eller 9,57%. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 1. kvartal 2015 var fordelt med 25,2 % på næring og 74,8 % på personmarknad og offentlig sektor.

Innskot frå kundar er bokført med 2.105,9 mill. kr. Veksten siste året er på 115,9 mill. kr eller 5 %.

Banken har langsiktig lånt inn 215 mill. kr frå andre finansinstitusjonar. Banken har uteståande obligasjonar for 180 mill. kr. Låneavtalane har restløpetid på mellom 1 månad og 3 år. Banken si innskotsdekning er 85,8 %. I dette nøkkeltallet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

Mislegald, tapsnedskrivningar og tap

Mislegaldne og tapsutsette lån utgjer 29,9 mill. kr. pr. 31.03.2015 som er ein nedgang på 9 mill. kr. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 2,3 mill. kr siste år. Det er nedskrivning på grupper som har auka medan nedskrivningar på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.



Kapitaldekning



Ved utgangen av 1. kvartal 2015 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 20,52 % mot 20,97 % på same tidspunkt i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert.



Utsiktene for resten av året

Styret er fornøgd med resultatet så langt i år. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 3 månadane av 2015 på 1,9 % og styret forventar at ein klarar å nå målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Marknadsutviklinga har sett utlånsrentene under press. Ein har i første kvartal lagt eit godt grunnlag for eit tilfredstillande årsresultat.

Gaupne, 08.05.2015


Bjarne Venjum
styreleiar

Tanja Fiskaa Haugen

Styret for Luster Sparebank

Ove Nyland

Inge Teigen


Randi K. Bugge

Oddstein Haugen
banksjef